

Emnerapport vår 2018

Emnekode og navn:

NORSK622 – Norsk 1, modul B. Nordisk språk 1: Moderne språk

Faglærer si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Éin faglærarar og éin fagdidaktikar: Faglærer hadde undervising på alle samlingane. Fagdidaktikar hadde undervising på to av samlingane. Gjennomført som planlagt.

Strykprosent og fråfall: Det var 20 studentar. 19 gjennomførte i vårsemesteret, ingen strauk.

Karakterfordeling: A: 1 (5,3 %), B: 7 (36,8 %), C: 8 (42,1 %), D: 2 (10,5 %), E: 1 (5,3 %).

Studieinformasjon: Ikkje noko særskilt å kommentera.

Tilgang til relevant litteratur: Ingen rapporterte problem.

Faglærer si vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr: Ikkje noko særskilt å kommentera.

Andre forhold: Nei.

Faglærer sin kommentar til studentevalueringane

Evalueringa vart gjennomført som sluttevaluering i form av eit elektronisk spørjeskjema distribuert til studentane. Det var i alt 15 respondentar, av desse responderte alle 15 på heile undersøkinga.

Studentane vart for ni av spørsmåla bedne om å kryssa av for eitt av fem alternativ.

I tre av spørsmåla vart dei bedne om å leggja inn fritekstkommentarar på spørsmåla.

Oppsummering av svara:

«Generelt sett, kor nøgd er du med emnet?»

33 % svarte 'svært nøgd', 67 % svarte 'ganske nøgd'

«Framstår emnet som eit heilskapeleg kurs? (samsvar mellom ulike delar, god nok tid på kvart tema, pensum)»

47 % svarte 'ja, i stor grad', 53 % svarte 'i nokså stor grad'

«Kor nøgd er du med førelesingane på emnet?»

60 % svarte 'svært nøgd', 40 % svarte 'ganske nøgd'.

«Generelt sett, kor stort læringsutbyte har du hatt av å følgja førelesingane?»

47 % svarte 'stort utbyte', 53 % svarte 'nokså stort utbyte'.

«Kor nøgd er du med rettleiinga på mappeoppgåvene?»

67 % svarte 'svært nøgd', 27 % svarte 'ganske nøgd', 7 % svarte 'korkje eller'.

«Kor nøgd er du med pensum?»

53 % svarte 'svært nøgd', 47 % svarte 'ganske nøgd'.

«Kor stort læringsutbyte har du hatt av å lesa pensumlitteraturen?»

47 % svarte 'stort utbyte', 53 % svarte 'nokså stort utbyte'.

«Var pensummengda tilpassa kurset sitt omfang?»

47 % svarte 'ja, i stor grad', 53 % svarte 'i nokså stor grad'.

«I kva grad er du nøgd med informasjonen du har fått om praktiske sider ved emnet, som fristar, eksamensordningar osv.?»

67 % svarte 'svært nøgd', 27 % svarte 'ganske nøgd', 7 % svarte 'ganske misnøgd'.

På fritekstspørsmålet «Er det noko i undervisninga du er spesielt godt nøgd med?» trekte respondentene i hovudsak fram førelesingane og/eller førelesarane og grammatikkdelen (den første samlinga/komponenten).

På fritekstspørsmålet «Har du innspel om korleis emnet kan bli betre?» svarte 8 'nei', og dei andre kom med følgjande innspel: meir tydeleg/pensumrelatert didaktikk, meir grammatikkdrill, meir klasseromsretta grammatikkopplegg, betre struktur i somme av førelesingane, og litt betre førebudd norsk som andrespråk-førelesing.

På fritekstspørsmålet «Har du andre kommentarar til emnet?» svarte 6 'nei', tre gav ros til opplegget, éin svarte at ikkje alt vart opplevt som like relevant m.o.t. eiga undervising, éin ønskte meir didaktikk om grammatikk.

Faglærer si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:

Tilbakemeldingane tyder på at vi bør halde fram som før i store drag, med mindre endringar, då responsen frå studentane samla sett er overvegande positiv.

Pensum i grammatikkdelen er svært omfattande, derfor vart heile samlinga sett av til gjennomgang av dette ved faglærer. Det bør vurderast om grammatikkpensumet skal reduserast noko, slik at det vert plass til ein grammatikdidaktisk bolk på same samling, slik at grammatikkdelen vert meir klasseromsrelevant, slik éin av respondentane etterlyste. Samstundes svarte fem av respondentane «Grammatikkdelen» på spørsmålet «Er det noko i undervisinga du er spesielt godt nøgd med?». Det er viktig å tematisera og drøfta med studentane korleis teoristoffet vi går gjennom på samlingane, kan 'omsettast' til praksis og komma lærar og elevar til gode.

Det digitale eksamenssystemet Inspira er ikkje utan vidare intuitivt, og det er viktig at administrativt personale gjev god og utførleg informasjon om innleveringsprosedyren på førehand og i tillegg er tilgjengeleg for tekniske spørsmål i samband med innlevering av eksamensoppgåver. God informasjon om alle aspekt ved studiet og rask respons på spørsmål er generelt sett svært viktig i eit fjernstudium der studentane er i jobb ved sida av.

Desse studentane ser ut til å føretrekkja at samlingane på same nivå (1 eller 2) kjem på same vekedagar både i haust- og vårsemesteret, sidan skuleverket sine timeplanar går over skuleår og ikkje over semester. Vi fekk bytt samlingsdagar for våren 2018 etter ønskje frå studentane, og denne ordninga bør innførast permanent.